

Kraftige reaksjonar mot kurdisk

Regjeringa i Irak, nabostatar og stormakter har reagert og sett i verk tiltak etter valet om sjølvstende i Sør-Kurdistan.

KOMMENTAR

ERLING FOLKVORD
erfolk@online.no

– **K**va er problemet, spør mannen i rullestolen. Jamal Muhammed (65) sit i rullestol fordi ei kule sette seg fast i ryggsoyla hans for 35 år sidan. Da var han *peshmerga* for PUK (Patriotisk Union Kurdistan). Han kjempa for Kurdistan og partileiar Jalal Talebani – mot hæren til Saddam Hussein. Den gongen var president Saddam i Irak alliert med USA og vesten. Han hadde nettopp starta den åtte år lange krigen mot Iran. Gassangrepet mot Halabja i 1988 vart ein del av slutten på den krigen.

Eg møtte Jamal i gravferda til partileiaren han ofra ryggen sin for. Jamal sat i rullestol ved sida av kista. Gravferda i Silemanî, om lag 20 mil nord for Bagdad, var i fleire dagar hovudsaka på alle kanalar i Sør-Kurdistan. Alt har handla om Mam Jalal (onkel Jelal) – fridomskjemparen som i ni år var president i Irak. Han vart gravlagt tolv dagar etter den rådgivande folkerøystinga som sa ja til å bryte med Irak for at Sør-Kurdistan skal bli ein sjølvstendig stat.

Jamal røysta ja, men meiner det var feil å ha folkerøysting no.

– Situasjonen er dårleg. Kanskje ville det ha vore betre om to-tre år. Mange seier det same. Dette var ikkje rette tidspunktet viss målet er å gjennomføre det folket sa ja til, seier han.

– KVA ER PROBLEMET?

Jamal meiner likevel stormakter og nabostatar overreagerer.

– Kva er problemet? spør han. Tolken er såpass upresis at eg ikkje kan sitere Jamal på stort

meir enn det. Men meldinga hans er klar nok: Korfor truge Sør-Kurdistan med krig og økonomisk ruin på grunn av ei rådgivande folkerøysting? Regjeringa her har jo sagt tydeleg frå at dei ønskjer seg fredelege forhandlingar.

Jamal gjentar:

– Kva er problemet?

Og han kjenner svaret, sjølv om han ikkje seier det rett ut. Det er det gamle spørsmålet: kontrollen over olje, gass og vatn – og mineralressursar som gradvis blir påvist. Imperialismaktene England og Frankrike løyste det på sitt vis i 1916: Sykes Picot-avtalen delte opp Kurdistan og resten av Midtausten.

REAKSJONAR

Regjeringa i Irak, nabostatar og stormakter har reagert kraftig og sett i verk tiltak. For det første har regjeringa stengt flyplassane for utanlandstrafikk. Soldatar som har kompliserte skader etter å ha slåst mot Daesh (IS), kjem ikkje ut til den behandlinga dei treng. Humanitær hjelp til dei som har flykta frå Daesh, kjem ikkje inn. For det andre har Iran stengt grensa. For det tredje deltar den irakiske hæren i militærøvingar i både Tyrkia og Irak. Irakiske stridsvogner har krigsøvingar saman med soldatane til

høyre stridsvogner som berre er 250 meter unna.

I tillegg har tyrkiske styrkar gjennomført ein militær operasjon mot tre landsbyar i heimtraktene til president Barzani. I 20 år har området hans vore freda når Tyrkia har bomba kurdiske landsbyar lengst nord i landet. Denne gongen skaut dei ikkje, men kurdiske Firat News tolkar aksjonen som ei militær åtvaring til president Barzani personleg. «Tyrkia kan kome som ein tjuv om natta», er ein norsk versjon av eit tyrkisk uttrykk president Erdogan bruker. Og til slutt har det irakiske parlamentet gitt regjeringa fullmakt til å bruke hæren mot kurdarane.

Ein skulle nesten tru at Sør-Kurdistan hadde starta frigjeringskrig. Samtidig lèt president Erdogan grensehandelen mellom Tyrkia og Sør-Kurdistan gå som før. Trugsmåla hans om å senke grensebommene har så langt vist seg å berre vere TV-snak. Erdogan bruker TV omtrent som presidentkollega Trump i USA bruker Twitter.

OMSTRIDDE OMRÅDE

Når grensa er open, får Tyrkia kurdisk olje som held hjula i gang. Og Barzani-familien og andre med makt sopar inn svære



Den irakisk-kurdiske presidenten Masoud Barzani då han var til stades på eit billøp før valet om sjølvstend

tripprodukt som Sør-Kurdistan ikkje har.

Da parlamentet i Irak opna for krig, handla det igjen om olje og gass. Tårna med gassflammane som aldri sloknar, ligg nær Kirkuk. Frå drosjevindauguet ser eg korleis flammene fargar kveldshimmelen mot sør når vi køyrer frå Kirkuk mot regionshovudstaden Hewler. Dei fleste ligg utanfor den kurdiske regionen. Men kurdiske styrkar rykte fram og tok kontrollen etter at den irakiske regjeringshæren i 2014 flykta frå Daesh.

Iran har no makt i Irak. Regjeringa i Bagdad utfordrar ikkje

denne makta. Korkje presidenten eller ayatollaen i Teheran seier det rett ut, men mange kommentatorar meiner Iran vil ha ein «korridor» til Middelhavet, gjennom Irak og Syria. Ikkje som ein del av staten Iran, men under iransk kontroll.

Så har andre statar sine egne, uoffisielle planar for ei ny deling av Midtausten. Den store amerikanske draumen frå slutten av 1990-talet er daud. Langtidsplanen om eit nytt amerikansk hundreår i Midtausten vart aldri noko av. Invasjonen i Irak i 2003 var den blodigaste delen av planen. Nye politiske arkitektar sit i

Kan Barzanis kamp for eit lite Kurdistan

få nye konflikter til å blusse opp og i verste fall utløse krig?

ayatolla Khamenei. Dei som bur tett ved grensa til Iran, kan sjå og

inntekter. Tyrkiske bedriftseigarar tener godt på å levere indus-

www.dagogtid.no

Få Dag og Tid i posten kvar veke!

☐ Ja, eg tingar eit halvårsabonnement til 1.170 kroner


☐ Ja, eg tingar eit halvårs studentabonnement til 585 kroner (halv pris)

NAMN: _____

ADRESSE: _____

POSTNR./POSTSTAD: _____

TELEFON: _____ E-POST: _____



DAG OG TID AS

Svarsending oogu
oogo Oslo